



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 16.10.2019
Vår ref.: 201911691-1
Arkiv:
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Seming Skau

Uttalelse til oppstartsmelding av skogvern ved Liabygda i Stranda kommune

Det vises til høring av oppstart av skogvern ved Liabygda i Stranda kommune publisert på Deres nettside 30. aug. 2019 med frist for innspill 27. sept. 2019.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) står på høringslisten, men har ikke mottatt høringen.

NVE har sett gjennom oppstartsmelding for det foreslåtte verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, hydrologiske målestasjoner m.m.

Verneområdet består av to delområder og begge delområdene kommer i konflikt med distribusjonsnett som er eid av Stranda Energi AS. Kraftlinjen krysser gjennom det øvre foreslåtte området og ligger inntil, og mest sannsynlig innenfor ryddebeltet, til det nederste området. Se figur 1¹ hvor distribusjonsnett er tegnet inn.



Figur 1: Foreslått verneområde med inntegnet distribusjonsnett

¹<https://atlas.nve.no/Html5Vlewer/index.html?viewer=nveatlas&layerTheme=null&scale=10000&basemap=YmfzaXM%3D¢er=88501.36356256127%2C6934469.1066473825&layers=1RTtWs2eTg6m3BHcOm3%2BnO%2BK3Atb6q3dIlgA0a6osc1HZRba1tg6E13ouFLW>

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr. NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen, 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Vi kan ikke se at Stranda Energi AS er på høringslisten og ber om at de blir hørt slik at de får mulighet til å vurdere eventuelle konflikter vedrørende nett. I forskriften må standard formuleringer om drift, vedlikehold, oppgradering og adkomst til nettanlegg tas med.

I Ringsetelva har vi fra ca. kote 238 og ned til sjøen kartlagt gjennom vår digitale kartlegging av potensialet for små vannkraftverk et potensielt prosjekt med en midlere årsproduksjon på 6,3 GWh. Spesifikk utbyggingskostnad med prisnivå 1.1.2019 er på 3,4 kr/kWh. Da det går veg ned til sjøen på vestsiden av elven anser vi at prosjektet ikke er i direkte konflikt med det nedre foreslåtte området som grenser inntil elven. Vi kjenner ikke til noen utbyggingsinteresse for dette potensialet i dag.

Med hilsen

Fredrik Arnesen
seksjonssjef

Seming Skau
senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi til:

Olje- og energidepartementet
STRANDA ENERGI AS

Grunneigarar på Lied og Ringset

V /Elisabeth Overaa

Liagarden 14

6212 Liabygda

28.09.2019

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Postboks 2520

6404 MOLDE

Høyringsvar- oppstart av skogvern i Liabygda

Viser til utsendt varsel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om oppstart av skogvern på eigedommen 1525/5/2 i Liabygda.

Grunneigarar på Lied og Ringset kjem med desse innspela til høyringa:

- I oppstartmeldinga frå Fylkesmannen blir det skriva at "*Lokaliteten er stor og er lite påverka av inngrep, og er eit intakt skogsmiljø i ei uforstyrra utvikling, med fleire raudlisteartar i høgare kategori*". Etter det vi kan forstå, er det innanfor området som er tilbydd frivillig vern, registrert funn av berre ei raudlista art. Denne arten ser ut til å vere plassert i kategorien VU, som er nest lågaste kategori i raudlistesystemet. Vi ber om tilbakemelding dersom vi tek feil. Det er i ei slik sak viktig at informasjonen som blir presentert er korrekt.

Omsyn til utnytting av tømmerressursane på tilgrensande areal

- Areal som grensar til det foreslegne verneområdet inneheldt store tømmerverdiar. Det er viktig at eit ev vern ikkje medfører ulemper for skogsdrift på naboareal. Det kan t.d. vere behov for å legge skogsveggar gjennom verneområdet. Aktuelle traséar for framtidige skogsveggar som må krysse verneområdet, må merkast inn

Omsyn til ev utbygging av småkraftverk i Ringsetelva

- Grunneigarane på Lied og Ringset har dei seinare åra drøfta å søkje konsesjon for utnytting av vatnet i Ringsetelva til produksjon av rein fornybar energi. Eit ev småkraftverk vil ha potensiale for produksjon av om lag 5-6 GWh.

I oppstartsmeldinga om det aktuelle skogsvernet ser ein at vernegrensa ligg inn til Ringsetelva på vestsida. Vidare står der i teksten "Eit vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet."

Ei regulering av vassmengda i Ringsetelva, vil nok kanskje kunne påverke naturmiljøet langs elvekanten, og eit stykke til sides for vannstrengen. For å unngå at eit ev vern av skogsarealet vil forhindre ei utnytting av elva til produksjon av rein fornybar energi, ber vi om at grensa for verneområdet mot Ringsetelva, bli trekt så langt vekk frå Ringsetelva, at ei ev. regulering av elva ikkje vil endre naturmiljøet i verneområdet.

I samband med rulleringa av arealdelen av kommuneplanen er det innteikna område for etablering av kraftverk i Ringsetelva.

- Omsyn til hyttebygging

I randsonene til dei foreslegne verneområda er det allereie i dag oppført fritidsbustader. Både i eksisterande kommunedelplan og i samband med rulleringa er der lagt inn område for fritidsbustader. Eit ev vern må ikkje vere til hinder for vidare etablering av fritidsbustader i området.

Med helsing

Grunneigarar på Lied og Ringset

Jon G. Lied

Gnr 8, Bnr 5, 9

Elisabeth Lien

Bnr 8, Bnr 1.

Oddbjørn H. Lied

G.nr. 8, B.nr. 12, 25, 44.



Trude Lien Guadianas Gnr. 8, Bnr. 3.
Svev Ringset. Gnr 6 bnr 1

Fornel Ringset Gnr. 5. Bnr. nr. 1.



Stranda kommune

Næring og teknisk

Saksbehandlar: Inge Bjørdal

Melding om vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår ref.:
2019001172- 4

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2 - K10

Dato:
20.09.2019

Høyringsvar frå Stranda kommune - Oppstart skogvern Liabygda

Vi viser til Dykkar brev datert 28.08.2019. Det er gjort følgjande vedtak i saka:

19.09.2019 MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK 029/19

Stranda kommune sender denne saksframstillinga med vurderingar som innspel til høyringa om oppstartsmelding av skogvern på gnr. 5 bnr. 2 i Liabygda, jf. brev av 28.08.2019 (ref.:2019/3785), og legg til grunn at følgjande forhold vert vurderte særskilt i vernesaka:

- Mulegheitene for bygging av skogbilveg
- Omsynet til kommuneveg til Ansok
- Omsynet til ev. framtidig kraftutbygging
- Omsynet til ev. hytteutbygging

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Inge Bjørdal
Næringssjef

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.09.2019	Høyringsvar frå Stranda kommune - oppstart skogvern Liabygda	259050

Postadresse:
Øyna 13
6200 STRANDA

Besoksadresse:
Øynasenteret

E-post
post@stranda.kommune.no

Telefon
70 26 80 00

Organisasjonsnr.
964 980 098

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK	19.09.2019	029/19

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Inge Bjørdal	Arkiv: K2 - K10	Arkivsaknr 19/1172

Høyringsvar frå Stranda kommune - oppstart skogvern Liabygda

Rådmannen si tilråding:

Stranda kommune sender denne saksframstillinga med vurderingar som innspel til høyringa om oppstartsmelding av skogvern på gnr. 5 bnr. 2 i Liabygda, jf. brev av 28.08.2019 (ref.:2019/3785).

19.09.2019 MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK

Møtebehandling

MK ber om at administrasjonen ved oversending av høyringa konkretiserar meir forventningane kommunen har i samband med vernesaka.

Vedtak samrøystes

MK- 029/19 Vedtak:

Stranda kommune sender denne saksframstillinga med vurderingar som innspel til høyringa om oppstartsmelding av skogvern på gnr. 5 bnr. 2 i Liabygda, jf. brev av 28.08.2019 (ref.:2019/3785).

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sendt ut varsel om oppstart av skogvern på eigedommen gnr. 5 bnr. 2 i Liabygda, jf. brev av 28.08.2019 (ref.:2019/3785).

Saksopplysningar

Rettskavar på eigedommen gnr. 5 bnr. 2 i Liabygda har sendt inn søknad om friviljug vern av deler av skogarealet.

Fylkesmannen har meldt om oppstart av plan for nytt naturreservat i samsvar med reglane i naturmangfaldlova § 42. Arbeidet gjeld eit område på ca. 146 dekar ved Liabygda i Stranda. Områda ligg på privat grunn og er med i ordninga med friviljug vern av skog. Formålet med vernet er å sikre biologisk verdfulle skogsmiljø.

Vurdering

Vurderingar. Plan:

Stranda kommune er godt i gang med rullering av kommunens arealdel. Tilstøytande til det føreslåtte området er det lagt inn område for fritidsbustadar. Stranda kommune meiner ein bør avgrense det føreslåtte verna området då ein ser behov for framtidig utviding av det nye området for fritidsbustadar. Vidare er det føreslått verna heilt inn til Fv650, Gravanoesvegen. Dette er uheldig dersom ein kjem i ein situasjon der vegen må utbetrast.

Ein har også lagt inn nytt kraftverk i elva Storflåa, noko som kan kome i konflikt med eit eventuelt skogvern.

Administrasjonen rår på grunnlag av dette at saksframstillinga vert sendt som eit innspel til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, samt at Fylkesmannen har tett dialog med Stranda kommune i denne saka.

Vurderingar. Skog

Etter gjeldende PEFC sertifisering for norske skogselskap har ein ikkje lov å omsetje tømmer frå naturtype svært viktig (A) og berre i nokre tilfelle av naturtype B. Dermed er ikkje tømmer av ein viss storleik salgbart til sagbruka.

Det er ikkje råd å bruke skogsmaskiner organisert av skogselskap for eige bruk eller sal.

Skal skogeigar selje tømmer frå slikt areal kan ikkje skogeigar ha gått med på sertifisering av skogen sin og sett av areala til friviljug miljøregistrering i skog. Det vil seie binding i minst 10 år av areala der det står urørt. Etter den informasjon kommunen sit inne med har bruk nr. 5/2 nettopp sertifisert skogen sin etter PEFC.

Med mindre det skjer reversering av sertifiseringskrava vert det ikkje råd å drive moderne skogbruk i framtida på desse areala som har klassifisering naturtype A svært viktig (boreal gammel skog). Det er først og fremst kystfurus skogen som er interessant.



Utsnitt av naturtype kart som m.a. viser naturtyper i området.

Vedlegg:

Dok.dato:

11.09.2019

11.09.2019

12.09.2019

12.09.2019

Vedlegg:

Oppstartsmelding av skogvern ved Liabygda

Liabygda - kart oppstartsmelding skogvern

Plan Oversiktskart Liabygda

Uttale Plan Liabygda

Dok.ID

259053

259059

259092

259093

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

*

